

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/51/05

av 27. juli 2012

om endring av vedtak 2003/467/EF med omsyn til fråsegna om at Latvia er offisielt fri for enzootisk bovin leukose

[meld under nummeret K(2012) 5185]

(2012/449/EU)(*)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, særleg vedlegg D avsnitt I bokstav E, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Direktiv 64/432/EØF vert nytta på handel med storfe og svin i Unionen. I direktivet er det fastsett kva vilkår som ligg til grunn for at ein medlemsstat eller ein region i ein medlemsstat skal kunne godkjennast som offisielt fri for enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar.
- 2) Vedlegg III til kommisjonsvedtak 2003/467/EF av 23. juni 2003 om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose⁽²⁾ inneheld lister over medlemsstatar og regionar i medlemsstatar som er vortne godkjende som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.
- 3) Latvia har lagt fram for Kommissjonen dokumentasjon som syner at dei krava som er fastsette i direktiv 64/432/EØF med omsyn til status som offisielt fri for enzootisk bovin leukose, er oppfylte for heile territoriet til denne medlemsstaten.

4) Som følge av vurderinga av den dokumentasjonen som Latvia har lagt fram, bør denne medlemsstaten godkjennast som offisielt fri for enzootisk bovin leukose.

5) Vedtak 2003/467/EF bør difor endrast.

6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegg III til vedtak 2003/467/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 27. juli 2012.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 203 av 31.7.2012, s. 66, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 52/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasjanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 3.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

⁽²⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 74.

VEDLEGG

I vedlegg III til vedtak 2003/467/EF skal kapittel 1 lyde:

«KAPITTEL 1

Medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose

ISO-kode	Medlemsstat
BE	Belgia
CZ	Tsjekkia
DK	Danmark
DE	Tyskland
IE	Irland
ES	Spania
FR	Frankrike
CY	Kypros
LV	Latvia
LT	Litauen
LU	Luxembourg
NL	Nederland
AT	Austerrike
SI	Slovenia
SK	Slovakia
FI	Finland
SE	Sverige
UK	Det sameinte kongeriket»